

# Mobil- og breibandsdekning i Lindås kommune

## INTERPELLASJON FRÅ LINDÅS HØGRE

### ORDFØRAR!!

Høgregruppa har fått mange telefonar og henvendingar frå både innbyggjarar og utbyggjarar om store utfordringar knytta til breiband og mobildekning i kommunen. Dette uroar oss. Me les også i lokalavisene at dette også gjeld for fleire kommunar og distrikt i Nordhordlandsregionen.

Tilgang til tilfredstilande internett og mobil er nødvendig og av avgjerande betydning både for den enkelte innbyggjar og næringslivet. Me vert i frå statleg hold næraast pålagt å nytte internett i dei fleste samanhenger, det vere seg velferdssystem som NAV, skatteaten, elektroniske søknadssjema ved jobbsøk, nettbank etc etc. Elevar/studentar vert pålagt å nytte elektronisk innlevering ved eksamen, kommunikasjon med skulen foregår ofte via nettet, og kunnaskap vert lasta ned frå «nettet».

Næringslivet er heilt avhengig av å kunna kommunisera med omverda. Me i Høgre er opptekne av at kommunen vår er godt tilrettelagt for næringsliv og

verdiskaping. Fleire firma har kontakta oss og fortel om utfordringar som er så store at dei vurderer å flytta verksemda.

Det fins snart ikkje eit postkontor, nærbutikk eller ein bank igjen, alt foregår på «nettet».

Ordførar, Høgre er bekymra for dei tilbakemeldingane som me får frå innbyggjarane våre!!

Me meiner også at her er ei stor diskriminering mellom byar/tettstader og distrikta; skal skulelevar og studentar ha ulike læringsvilkår ut i frå kva dei bur? Skal næringslivet ha ulike konkurranseforhold? Skal nokre av innbyggjarane våre måtte betale dyrare flybilletter fordi dei må bestille manuelt via telefon?

Dette er rett og slett uhaldbart! Når så mykje av statleg informasjon/tenester gjer innbyggjarane avhengige av internett, så er det også ei statleg oppgåve å levere tilfredstilande tenester, dvs byggje ut IKT infrastruktur, til innbyggjarane enten ein bur i by eller distrikt.

For nokre år sidan vart det bevilga midlar til oppgradering av breiband, jfr «kvite flekkar» i kommunen vår. Korleis er stoda her, kva vart gjort og kva står igjen?

Og korleis er mobildekninga i kommunen, er her også «kvite flekker»?

Er dette ei sak som gjeld heile regionen, dvs ei sak for Nordhordland IKS?

Korleis skal me få bøta på desse utfordringane, kort /lang sikt?

Lindås Høgre ynskjer ei sak til neste kommunestyre der ein tek tak i desse utfordringane og på kva måte(r) me kan løysa dette på. Me ynskjer også ei orientering frå Telenor i neste KO.

**Ingrid D. Fjeldsbø**  
Leiar i Lindås Høgre

**May-Eva Sandvik**  
Kommunstyrerepr. Lindås Høgre